



Emil Ekornrød Sætre er stemt fram som maskot på Brann Stadion søndag 8. april.

Emil Ekornrød Sætre (7 år) med mor og bestemor frå Uskdalen er stemt fram som maskot på kampen Brann - Kristiansund på stadion søndag 8. april. Å vera maskot på ein Brannkamp vil mellom anna sei at du i branndrakt går inn på stadion saman med elitespelarane. Det er Frydenbø Bilsenter, sponsor for Brann, som står bak denne avstemminga.

Emil Ekornrød Sætre bur i Austrheim, ein times køyring nord for Bergen. Emil er elev på Årås skule. Foreldra hans heiter Mette Ekornrød og Tore Emil Sætre. Emil har vore mykje sjuk i oppveksten. Han har kreft og det har vorte mange turar ut og inn av sjukehus. Det var difor ekstra stort å bli stemt fram som Brannmaskot. På søndag vert Emil og familien spanderte inn på Brannkamp. Dei vert køyrde til og frå kampen i den flottaste bilen Frydenbø Bilsenter har, ein Volvo XC90.

Så langt vi kjenner til har mange frå Uskedalen vore med og stemt Emil fram til dette ærefulle oppdraget. Alle, som har stemt, har sendt inn Emil sitt namn med ei grunngjeving om kvifor nett han bør få denne opplevinga. Foreldra, familien og slekta heime i Uskedalen er stolte og glade på Emil sine vegne.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Mette Ekornrød/ avisa Nordhordland



Emil saman med sjukepleiar Marianne på Haukeland sjukehus.